



ALVER
KOMMUNE

Temaplan for friluftslivets ferdselsårer

Ro- og padledel





Innhold

1. Innleiing

- 1.1 Bakgrunn
- 1.2 Mål for planen
- 1.3 Avgrensing
- 1.4 Oppbygging av planen
- 1.5 Metode
- 1.6 Kunnskapsgrunnlag

2. Anbefalte utsetjingsstader for umotorisert ferdsel på sjø og vatn

- 2.1 Kriterium for utveljing
- 2.2 Oversikt

3. Andre stader med moglegheiter for umotorisert ferdsel på sjø/vatn

- 3.1 Kriterium for utveljing
- 3.2 Oversikt
- 3.3 Kartlagde stader utanom kategoriane

4. Graderte ro- og padleruter

- 4.1 Kriterium for utveljing
- 4.2 Oversikt

5. Tiltaksplan

- 5.1 Korleis skal planen følgjast opp?
- 5.2 Generelle tiltak
- 5.3 Større einskildtiltak



1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I Alver kommune har me ei langstrakt og variert kystlinje med mange moglegheiter for padling og andre formar for umotorisert ferdsel på sjø. I tillegg har me mange vatn der det også er mogleg med same type aktivitet.

Eit av tiltaka som er nemnt i Alver kommune sin [temaplan for friluftslivets ferdselsårer](#) er at det skal utarbeidast ein plan for ferdselsårene til sjøs og på vatn. Ro- og padleplanen er ei vidareføring og utviding av temaplanen «friluftslivets ferdselsåren». Denne vart vedteken hausten 2022.

Vestland fylkeskommune lyste i 2022 ut midlar til kartlegging og gradering av ro- og padleruter. Bergen og Omland Friluftsråd, vidare kalla «BOF», søkte etter avtale på vegne av Alver kommune og ei rekkje andre kommunar i Vestland, og fekk kr 50 000 til dette arbeidet.

Som følgje av ei stigande interesse for ferdsel langs fjord og i vatn, og også som eit ledd i attraktivitetsbygginga av Alver kommune ønsker me med ein ro- og padleplan og kartleggje, synleggjere og betre tilrettelegginga på dei mest attraktive utsetjingsstadene, samt ro- og padlerutene i kommunen.

1.2 Mål for planen

Målsetting

Alver kommune legg til rette for umotorisert friluftsliv på sjø og i vatn.

Effektmål

- Vi har tilrettelagte utsetjingsstader som skapar auka aktivitet i sjø og vatn.
- Vi har attraktive og spennande ro- og padleruter, som fremmar fysisk aktivitet og betre folkehelse.
- Setje fokus på berekraftig friluftsliv til sjøs.
- Vere bidragsytar til auka aktivitet til sjøs gjennom samarbeid med private, offentlege og frivillige aktørar i vårt nærmiljø.
- Enkel tilgang til informasjon om anbefalte utsetjingsstader, samt graderte ro- og padleruter.



- Sikre godt vedlikehald på eit utval av utsetjingsstader.
- Få fleire innbyggjarar og tilreisande til kommunen gjennom attraktive fritids- og friluftslivstilbod.

Resultatmål

- 1) Oversikt over *anbefalte utsetjingsstader for umotorisert ferdsel på sjø og vatn* i Alver kommune.
- 2) Utsetjingsstad med universell utforming i nærleiken av kvart av kommune- og nærsentra i Alver.
- 3) Bli ein del av eit nettverk av padleruter i Vestland gjennom geografisk spreidde utsetjingsstader der me tek heile kommunen i bruk.
- 4) Legge til rette for at dagsturhytter, kystledhus o.l. som ligg ved sjø/vatn enkelt kan nåast med kajakk, kano eller robåt.
- 5) Ha utsetjingsstader, samt graderte ro- og padleruter som tek sikte på å vere destinasjonar for dei som ferdist på tvers av kommunegrenser til sjøs.
- 6) Bruk av digital løysing som gir oversikt over *anbefalte utsetjingsstader for umotorisert ferdsel på sjø og vatn*, samt graderte ro- og padleruter.
- 7) Informasjonstiltak i form av skilt på dei utsetjingsstadene som vert vurderte til å vere *anbefalte utsetjingsstader for umotorisert ferdsel på sjø og vatn* i Alver kommune. Parkeringshøve, samt skildring av utsetjingsstad skal minimum kome fram av eit slik skilt.
- 8) *Anbefalte utsetjingsstader for umotorisert ferdsel på sjø og vatn* er ein del av kommunen sin vedlikehaldsplan for idrettsbygg og -anlegg.
- 9) Inngå tilsynsavtaler med frivillige organisasjonar knytt til utsetjingsstader.
- 10) Motverke marin forsøpling ved å leggje til rette for strandrydding på dei *anbefalte utsetjingsstadene for umotorisert ferdsel på sjø og vatn*.
- 11) Inngå avtaler med private, eller andre aktørar, på dei stadene som er vurdert som *anbefalte utsetjingsstader for umotorisert ferdsel på sjø og vatn* om bruk av parkering, samt utsetjingsstad, der kommunen ikkje eig/disponerer grunnen sjølv.

1.3 Avgrensing

Ei arbeidsgruppe har kartlagt nærare 60 stader lang sjø- og vasslinja i Alver kommune der ein kunne tenkje seg at det potensielt er mogleg med utsetjing av umotoriserte farkostar i sjø og vatn. Utifrå denne lista er det gjort eit utval der ein basert på gitte kriterium (sjå kap. 2.1), erfaringar frå



arbeidsgruppedeltakarane og subjektive vurderingar har sett i overkant 40 av desse stadene inn ein av to følgande kategoriar:

1. anbefalte stader for umotorisert ferdsel på sjø/vatn
2. andre stader med moglegheiter for umotorisert ferdsel på sjø/vatn

Listene er sett saman etter vurderingar gjort på bakgrunn av tilhøve som tilgjengelegheit, kvar i kommunen dei ligg, attraktivitet på sjø, parkeringsmoglegheiter, samt subjektive vurderingar og erfaringskompetanse i arbeidsgruppa.

Etter at planen er vedtatt bør det vere rom for jamlege endringar og oppdateringar av listene når det kjem til kva kategori den enkelte utsetjingsstad er plassert i, ta inn nye stader, eller ta bort innplasserte stader.

Det er også mogleg at det gjennom innspel frå ulike hald vil kome til ny informasjon som gjer at planen bør reviderast i løpet av planperioden.

1.4 Oppbygging av planen

Ro- og padleplanen består av ein tekstdel med bakgrunn for planen, samt planen sin målsetjing, effektmål og resultatmål. Vidare er det sett opp lister over kategoriane:

1. anbefalte stader for umotorisert ferdsel på sjø/vatn
2. andre stader med moglegheiter for umotorisert ferdsel på sjø/vatn

Desse er nærmare gjort greie for i vedlegget «*utsetjingsstaden*».

Det kjem også fram ei oversikt over stader der vi som ein del av prosjektet ønskjer å få graderte ro- og padleruter. Denne oversikta følgjer det også med eit vedlegg til «*registreringsskjema ro- og padleruten*». Desse rutene vil ha kvalitetssikra risikoanalysar. Hensikten er å gi brukarane råd om kor krevjande ei rute er, og gi ein peikepinn på anbefalt kompetanse for ein trygg gjennomføring av turen. Vedlegget inneheldt grundigare informasjon om den enkelte utsetjingsstad, som bl.a. startpunkt, målpunkt, parkeringsmoglegheiter, sjåverdigheter langs ei rute med meir. Graderinga vil bli gjort av kvalifiserte fagfolk som eit ledd i tildelinga vi har fått frå fylkeskommunen og i samarbeid med BOF.



1.5 Metode

Prosess

Planarbeidet har følgd Vestland fylkeskommune sin prosjektplan som er skildra i «Ro- og padleruter i Vestland 2022-2026».

Her deler dei prosjektet inn i fire fasar:

1. kartlegging
2. informasjon/kompetansebygging
3. fysisk tilrettelegging
4. aktivitetsskaping

Organisering

Kartlegginga, samt informasjons- og kompetanseinnhentinga er gjort i ei arbeidsgruppe som arbeida med utgangspunkt i Vestland fylkeskommune sin prosjektplan «Ro- og padleruter i Vestland 2022-2026». Arbeidsgruppa har bestått av Audun Håland (ressursperson Kvernbit kajakk), Børge Brundtland (leiar Nordhordland turlag), Håvard Giving Hauge (drifts- og aktivitetsansvarleg for BUA i Alver), Bente Kopperdal Hervik (rådgjevar, kultur), Arne Eikefet (rådgjevar, stab Samfunnsutvikling) og Anders Olav Dale (rådgjevar idrett, prosjektleiar).

Det har vore ein viktig del av prosessen og informasjons- og kompetanseinnhentinga at det har vore med representantar frå det frivillige organisasjonslivet i Alver kommune.

1.6 Kunnskapsgrunnlag

- [Prosjektplan: ro og padleruter i Vestland 2022-2026](#)
- <https://ut.no/>
- Boka «*padleturer i Bergensområdet*» av Torill Refsdal Aase
- [Heftet «*padleled Vestfold*»](#)
- [Ro- og padleruter, Veileder, 2019](#)
- <https://holdnogerent.no/>
- Erfaring frå røynde padlarar på sjø og i vatn i arbeidsgruppa.



2. Anbefalte utsetjingsstader for umotorisert ferdsel på sjø og vatn

2.1 Kriterium for utveljing

- parkeringsmoglegheiter
- tilgjengelegheit utsetjingsstad
- oppleving på sjø/vatn
- fasilitetar på land ved utsetjingsstad og undervegs
- framtidig potensial t.d. opplevinga til sjøs vert vurdert til svært god, men dagens utsetjings- og parkeringsmoglegheiter gjer tilgangen til området utfordrande.
- bruk av heile kommunen.
- plasseringar som passar inn i padleled Vestland, samt naturlege inn-/og utfart til og frå andre kommunar.
- lett tilgang til dagsturhytter langs sjø, padlehukar, kystledhus o.l. i kommunen, samt liknande innan padleavstand i andre kommunar.

Nokre av kriteria har arbeidsgruppa gjort faglege vurderingar kring som t.d. oppleving på sjø/vatn. Medan andre kriterium er ei faktisk stadfesting av dagens forhold som t.d. tilgjengelegheit utsetjingsstad, parkeringsmoglegheit og fasilitetar på land.

2.2 Oversikt over «anbefalte utsetjingsstader for umotorisert ferdsel på sjø og vatn»

Her er oversikt over anbefalte utsetjingsstader i Alver kommune basert på kriteria i kapittel 2.1

<u>Stad</u>	<u>Kva er bra</u>	<u>Kva tiltak trengs</u>
Stenekaien	Lindåspollane innbyr til mange naturopplevingar og sjåverdigeheitar som t.d. Lindåsslusene.	Skilting knytt til utsetjingsstad og parkering. Trengs utbetring av parkeringsmoglegheiter.
Risasjøen marina	Lindåspollane innbyr til mange naturopplevingar og	Avtale om parkering/utsetjing.



	sjåverdigheitar som t.d. Lindåsslusene.	
Kvalvågneset	Området til sjøs innbyr til mange flotte opplevingar.	Avtale og tilrettelegging knytt til parkering/utsetjing.
Nautevågen	Flott friluftsområde med toalett, baderampe, strand og svaberg.	
Vallevika	Passar fint for nybegynnarar og lågterskel brukarar. Flott friluftsområde tilrettelagt med bord, benker, toalett, og sandstrand, også fine turmoglegheiter på land i nærområdet t.d. Bøkeskogen på Vollom.	
Brusundet	Fine turmoglegheiter i området, både mot Lygra og Feste.	Skilting av parkering, samt informasjonstiltak knytt til utsetjingsstader. Avtale om parkering/utsetjing.
Eknes kai	Enkel utsetjing frå flytebrygge. Fine turmoglegheiter innover i Eknesvågen og rundt Eidsnes.	Skilting av parkering, samt informasjonstiltak knytt til utsetjingsstader. Vurdere toalettfasilitetar.
Vikanes	Kommunal flytebrygge. Gode turmoglegheiter i området.	Informasjonstiltak knytt til parkering og utsetjingsstad.
Bøvågen	Fine turmoglegheiter i området. Tilkomst til dagsturhytta "Sjøbua" på Byngja.	Tilrettelegging for parkering, samt avtale om utsetjing frå marina.
Toskavegen	Fine turmoglegheiter i området. Tilkomst til dagsturhytta "Sjøbua" på Byngja.	Skilting parkering, informasjonstiltak og evt. avtale om utsetjingsstad. Flytebrygge/kajakkrampe i



		Byngja for enkelt tilkomst til dagsturhytta «Sjøbua».
Nesvatnet	Særleg fint område for nybegynnarar og lågterskelaktivitet.	Kajakkrampe.
Alverstraumen kai v/ Solholmen	Sentralt plassert, og kan vere eit utgangspunkt for fleire destinasjonar.	Skilting av parkeringstilhøve og utsetjingsstad.
Skjelanger	Turmoglegheiter til t.d. Herdla og Skarvøy.	Avtale om parkering. Informasjonstiltak utsetjingsstad.
Io marina	Flott område å padle i. Nærleik til padlehuk Io og Herdla på Askøy.	Avtale om parkering/utsetjing.
Storevika, Vikebø	Flott område å padle i. Nærleik til padlehuk Io + t.d. Herdla. Skjerma for vind. Særleg aktuell for nybegynnarar og lågterskelaktivitet.	Avtale om parkering/utsetjing.
Storavatnet v/ Rosland skule	Gode turmoglegheiter på vatn. Ein kan padle rundturar i vatnet, eller til Hestdal.	Universelt utforma kajakkrampe v/ flytebrygge.
Storavatnet v/Hestdal	Gode turmoglegheiter på vatn. Ein kan padle rundturar i vatnet, eller til Rosland skule	Skilting av p-plass + utsetjingsstad. Vurdere universelt utforma kajakkrampe v/ flytebrygge.
Badevika, Frekhaug	Ligg tett på Bergen og Askøy. Del av padled Alver/Vestland. Kan nyttast til lågterskelaktivitet.	Skilting/informasjon om parkering + utsetjingsstad.



Steinbrygga, Litlebergen	Sentralt. Tilgang til Osterøy, Bergen. Padleled Alver/Vestland. Potensielt framtidig tilkomst til kystledhus Håøy	Skilting parkering i Fagerbakken. Skilting utsetjingsstad.
Flatøy ved NH-padleklubb/ FRAMO	Sentralt. Tilgang til bl.a. Osterøy og Bergen, samt framtidig tilkomst til kystledhus Håøy.	Avtale om parkering/utsetjing.

Sjå heile kartlegginga i vedlegget «utsetjingsstaden».

3. Andre stader med moglegheit for umotorisert ferdsel på sjø/vatn

3.1 Kriterium for utveljing

- parkeringsmoglegheiter
- tilgjengelegheit utsetjingsstad
- oppleving på sjø/vatn
- fasilitetar på land ved utsetjingsstad og undervegs
- framtidig potensial t.d. opplevinga til sjøs vert vurdert til svært god, men dagens utsetjings- og parkeringsmoglegheiter gjer tilgangen til området utfordrande.
- bruk av heile kommunen.
- plasseringar som passar inn i padleled Vestland, samt naturlege inn-/og utfart til og frå andre kommunar.
- lett tilgang til dagsturhytter langs sjø, padlehukar, kystledhus o.l. i kommunen, samt liknande innan padleavstand i andre kommunar.

Nokre av kriteria har arbeidsgruppa gjort faglege vurderingar kring som t.d. oppleving på sjø/vatn. Medan andre kriterium er ei faktisk stadfesting av dagens forhold som t.d. tilgjengelegheit utsetjingsstad, parkeringsmoglegheit og fasilitetar på land.

3.2 Oversikt over «Andre stader med moglegheit for umotorisert ferdsel på sjø/vatn»

Her er oversikt over andre stader med moglegheiter for umotorisert ferdsel på sjø/vatn. Samanlikna med stadene som er lista opp i kapittel 2.2. er dette



stader kor fleire vil kunne ha glede av turar på sjø og i vatn, men det er likevel gjort vurderingar utifrå kriteria for utveljing som gjer at desse stadene ikkje vert trekt fram som anbefalte stader. Dette kan t.d. vere at det finst ein meir eigna plass for utsetjing like i nærleiken.

<u>Stad</u>		
Roslandsvågen	Fløksand	Holmeknappen
Haltejohansvika	Krossnestranda	Knarvik kai
Leiknes kai	Hjelmås kai	Romarheim
Hosøy	Vettastø	Rossnes
Knarrevik nord	Feste	Nappane
Kvamsvågen	Sæbøvågen	Isdalstø kai
Hundvinsvatnet	Eidsvatnet	Æsevatnet
Fammestad	Rossneset	Uttoskavågen
Hallandsvatnet		

Sjå heile kartlegginga i vedlegget «*utsetjingsstaden*».

3.3 Kartlagde stader utanom kategoriane

Her er ei oversikt over stader som har vore ein del av kartlegginga, men som pga. fleire tilhøve ikkje vert trekt fram i dei to føregåande oversiktene over «*anbefalte stader*» eller «*andre stader*» med moglegheit for umotorisert ferdsel på sjø/vatn. Dette fordi dei etter faglege vurderingar gjort av arbeidsgruppa, og med bakgrunn i kriteria som er nemnt i kapittel 2.1 ikkje passar inn nokon av dei tidlegare oversiktene.



<u>Stad</u>		
Sætre	Kvalheim	Straume
Landsvik	Kobbevågen	Sletta kai
Rosland kai	Fløholmen	Nøtlevågen
Eikanger	Marøy sør	Børøy
Veland	Nordbø	



Foto: Ruben Soltvedt



4. Graderte ro- og padleruter

4.1 Kriterium for utveljing

- parkeringsmoglegheiter
- tilgjengelegheit utsetjingsstad
- oppleving på sjø/vatn
- fasilitetar på land ved utsetjingsstad og undervegs
- framtidig potensial t.d. opplevinga til sjøs vert vurdert til svært god, men dagens utsetjings- og parkeringsmoglegheiter gjer tilgangen til området utfordrande.
- bruk av heile kommunen.
- plasseringar som passar inn i padleled Vestland, samt naturlege inn-/og utfart til og frå andre kommunar.
- lett tilgang til dagsturhytter langs sjø, padlehukar, kystledhus o.l. i kommunen, samt liknande innan padleavstand i andre kommunar.

Nokre av kriteria har arbeidsgruppa gjort faglege vurderingar kring som t.d. oppleving på sjø/vatn. Medan andre kriterium er ei faktisk stadfesting av dagens forhold som t.d. tilgjengelegheit utsetjingsstad, parkeringsmoglegheit og fasilitetar på land

4.2 Oversikt

Her er ei oversikt over graderte ro- og padleruter i Alver kommune. Rutene er plukka ut basert på kriteria i 4.1.

<u>Stad</u>	<u>Startpunkt</u>	<u>Målpunkt</u>	<u>Skildring</u>	<u>Gradering</u>
Stenekaien, Lindås	Stenekaien	Stenekaien	Flott område og padle i. Ein kan bl.a. padle til Lindåsslusene og Kvalvågneset.	BOF/VLFK
Vallevika, Seim	Vallevika friluftsområde	Vallevika friluftsområde	Flott naturområde til lands og til sjø. Rute for lågterskel	BOF/VLFK



			aktivitet og nybegynnarar.	
Vikanes	Vikanes	Vikanes	Fine turmoglegheiter til bl.a. Haukøy og Padøy.	BOF/VLFK
Toskavegen, Manger	Toskavegen	Dagsturhytta "Sjøbua", Byngja	Flott område og padle i, særleg til Toska. Tilkomst frå sjø til dagstur-hytta "Sjøbua", Byngja	BOF/VLFK
Alverstraumen kai	Alverstraumen kai	Alverstraumen kai	Ligg sentralt, og kan vere eit utgangspunkt for fleire turar i ulike retningar.	BOF/VLFK
Skjelanger	Skjelanger	Skjelanger	Interessant område å padle i med fleire moglegheiter for overnatting på øyer og nærliggjande padlehuker.	BOF/VLFK
Storevika, Vikebø	Storevika	Padlehuk lo	Interessant område å padle i med fleire moglegheiter for overnatting på øyer og padlehuker.	BOF/VLFK



Storavatnet v/Rosslund skule	Flytebrygge v/ Rosslund skule	Flytebrygge v/Hestdal	Interessant område å padle i med fleire moglegheiter for overnatting på øyer i vatnet.	BOF/VLFK
Nesvatnet, Manger	Nesvatnet v/Radøyhallen	Nesvatnet v/Radøyhallen	Fint område for nybegynnarar og lågterskelaktivitet.	BOF/VLFK
Flatøy	Flatøy	Flatøy	Sentralt og mogleg å kome seg til andre kommunar, samt kort veg til Håøy.	BOF/VLFK
Badevika, Frækhaug	Strand v/Badevika	Strand v/Badevika	Sentralt og mogleg å kome seg til andre kommunar. Lett utsetjing og skjerma område gjer det attraktivt for nybegynnar og lågterskel tilbod.	BOF/VLFK

Sjå nærare vurderingar og skildringar i vedlegget «registreringsskjema ro- og padleruten».

Ro- og padlerutene er gradert etter ein fastsett standard og er utført av fagfolk med rette kvalifikasjonar. Rutene vert delt inn i grøn, blå, raud og svart rute utifrå fleire kriterium som t.d. navigering, lengde, kryssing av ope farvatn, straum, vind og bølgehøgde.



5. Tiltaksplan

5.1 Korleis skal planen følgjast opp?

Tenesteområdet kultur har hovudansvaret for at tiltaka i planen vert gjennomførte. Når det gjeld fysiske tiltak er det berre realistisk med gjennomføring på plassar der ein eller fleire av desse innsatsane er til stades:

- frivilligheita deltek i arbeidet.
- kommunen tek rolla som tiltakshavar, eller bidrar med finansiering utover mindre tilskot.
- næringslivet er ein aktiv bidragsytar i samarbeid med frivilligheita og kommunen.

Berre der det ligg føre avtalar med grunneigar kan tiltak på ein eigedom, utover det som er lov etter allemannsretten, gjennomførast. Sjølv om eit behov, eller tiltak er nemnt i denne planen, vil det berre verta utført dersom grunneigar samtykkjer eller dersom kommunen gjer vedtak etter § 35 i friluftsløva.

Kommunen vil også ta initiativ ovanfor lag og organisasjonar for å prøva å få sett i gang ein del av dei aktuelle tiltaka som er lista opp under.

5.2 Generelle tiltak

<u>Kva</u>	<u>Vurdering</u>	<u>Tilhøyrande resultatmål</u> <i>(frå kap. 1.2)</i>
Informasjonstiltak utsetjingsstader.	Det er behov for skilt i nærleiken av stader der ein kan setje ut umotoriserte farkostar på sjø/vatn.	7
Informasjonstiltak parkering.	Det er behov for skilt som opplyser om parkeringshøva på kommunale eigedommar som eignar seg for parkering.	7
Standardavtale med private om bruk av parkeringsplass.	Det er enkelte stader behov for avtale om bruk av privat eigde parkeringsplassar. T.d. båtföreiningar.	11



Standardavtale med private om bruk av utsetjingsstad.	Det er enkelte stader behov for avtale om bruk av privat eigde utsetjingsstader. T.d. båtforeiningar.	11
Gjere nærare avklaringar der grunneigarforhold kan vere uklære/i gråsona når det kjem til stader for utsetjing og/eller parkering.	Førebyggje ueinigheiter og konflikhtar kring parkering og utsetjing. Fremje bruk av sjø og vatn, samt leggje til rette for meir aktivitet i desse områda.	11
Digitalt informasjonsarbeid.	Det er behov for ei side på nett med tilgang til kart over anbefalte utsetjingsstader, samt ro- og padlerutene som vert gradert. Her kan ein vurdere bruk av eksterne løysingar.	1, 6
Gradere eit utval ro- og padleruter	Vert gjort i samarbeid med BOF/VLFK når det er bestemt kva for ruter som skal graderast.	3, 5
Hefte med oversikt over anbefalte utsetjingsstader, samt ro- og padlerutene som vert gradert.	Det er behov for hefter som kan delast ut til innbyggjarar, tilreisande og frivillige organisasjonar med oversikt over anbefalte utsetjingsstader, samt ro- og padlerutene som vert gradert.	1, 3
Samarbeid med offentlege og private organisasjonar om berekraftig friluftsliv.	Det er eit behov for fokus på berekraftig bruk av naturen. Her kan ein t.d. inngå samarbeidsprosjekt med offentlege og private aktørar kring førebygging av forsøpling, samt tiltak som gjer det enklare å plukke boss når ein er på tur.	10
Rutinar for tilsyn av utsetjingsstader.	Det er eit behov for jamleg vedlikehald og tilsyn med eit utval av utsetjingsstadene. Ein bør prioritere «anbefalte utsetjingsstaden», samt punkt langs graderte ro- og padleruter, men ein treng ikkje nødvendigvis avgrense det til desse stadene.	8, 9



5.3 Større einskildtiltak

<u>Kvar</u>	<u>Kva</u>	<u>Vurdering</u>	<u>Tilhøyrande resultatmål</u> <i>(frå kap. 1.2)</i>
Stenekaien	Flytebrygge med uu-kajakkrampe	Uu-kajakkrampe vil føre til auka aktivitet og gjere utsetjingsstad meir tilgjengeleg for ein stor del av befolkninga.	2, 3
Stenekaien	Utbetring parkeringsplass	Greie parkeringsfasilitetar er ein føresetnad for auka aktivitet, og vil ha indirekte påverknad på aktivitetstalet.	2, 3
Bøvågen	Utbetring parkeringsplass	Greie parkeringsfasilitetar er ein føresetnad for auka aktivitet, og vil ha indirekte påverknad på aktivitetstalet.	5
Byngja v/sjøbua	Flytebrygge med uu-kajakkrampe	Uu-kajakkrampe vil føre til auka aktivitet og gjere utsetjingsstad meir tilgjengeleg for ein stor del av befolkninga.	2, 3, 4
Nesvatnet	Kajakkrampe	Ein må gjere ei vurdering kring kva slags type rampe ein treng og kvar den bør plasserast.	2
Alverstraumen kai	Utbetring parkeringsplass	Greie parkeringsfasilitetar er ein føresetnad for auka aktivitet, og vil ha indirekte påverknad på aktivitetstalet.	3
Alverstraumen kai	Tilstandssjekk flytebrygge + uu-kajakkrampe	Flytebrygge og uu-kajakkrampe vil føre til auka aktivitet og gjere	2, 3



		utsetjingsstad meir tilgjengeleg for ein stor del av befolkninga.	
Storavatnet v/Rosslund skule	Uu-kajakkrampe	Uu-kajakkrampe vil føre til auka aktivitet og gjere utsetjingsstad meir tilgjengeleg for ein stor del av befolkninga.	2
Hestdal	Uu-kajakkrampe	Uu-kajakkrampe vil føre til auka aktivitet og gjere utsetjingsstad meir tilgjengeleg for ein stor del av befolkninga.	2
Litlebergen	Vurdere moglegheiter for flytebrygge på kommunal eigedom	Flytebrygge vil føre til auka aktivitet og gjere utsetjingsstad meir tilgjengeleg for ein stor del av befolkninga.	3, 5
Litlebergen	Vurdere utbetring av kommunal eigedom bruk til parkering	Greie parkeringsfasilitetar er ein føresetnad for auka aktivitet, og vil ha indirekte påverknad på aktivitetstalet.	3
Badevika	Sjå på moglegheiter for universelt utforma tilgang til sjø.	Universelt utforma tilkomst vil føre til auka aktivitet og gjere utsetjingsstad meir tilgjengeleg for ein stor del av befolkninga.	2, 3
Eknes kai	Toalettfasilitetar	Forbetring av toalettfasilitetar gir betre tilrettelegging for fleire brukar, og kan føre til auka bruk.	3, 5
Eikanger /Ostereidet	Opprette prosjekt som ser på eigna stader for tilrettelegging av utsetjingsstad med uu-kajakkrampe og	I kartlegginga fann ein ikkje stader i dette området med grei tilkomst til sjø, gode parkeringsfasilitetar m.m. Dette gjer at ein manglar utsetjingsstad i området innanfor kategorien «anbefalte stader for umotorisert ferdsel på sjø/vatn». I og med at	2, 3, 5



	nærliggande parkeringsplass.	området er eit nærsenter i kommunen bør dette sjåast nærare på.	
Bøvågen	Opprette prosjekt som ser på eigna stader for tilrettelegging av utsetjingsstad med uu-kajakkrampe og nærliggande parkeringsplass.	Eigna utsetjingsstader i Bøvågen er per i dag private i følge kartlegginga som er gjort. Bøvågen er eit av nærsentra i kommunen og bør difor ha ein utsetjingsstad med uu-kajakkrampe, samt nærliggjande parkeringsplass med tilkomst for alle.	2, 3, 5
Håøy	Prosjekt gjeldande tilkomst til Håøy frå sjøen. Enten som eige prosjekt eller del av eksisterande.	Kommunen må gjennom planane som er for utbetring av «kommandantboligen» på Håøy sjå til at det vert realisert godt tilrettelagt tilkomst frå sjø til land på Håøy i nærleiken av boligen.	4



Foto: Ruben Soltvedt